INFORMASJON FRÅ IMSLAND SOKNERÅD – SOKNEMØTE OM SAMANSLÅING AV VIKEDAL OG IMSLAND SOKNERÅD TIL EIT FELLES SOKNERÅD

Til deg som bur i Imsland Sokn og er medlem i Den Norske Kyrkje.

Over tid har Imsland og Vikedal Sokneråd drøfta samanslåing av sokneråda. Bakgrunnen for diskusjonen er dels knytt til nasjonale og lokale prosesser i Den Norske kyrkje med å effektivisere administrasjonen, der også Stavanger bispedøme har hatt fokus på samanslåing av sokn / sokneråd og organisering av fellesråda. At Imsland sokneråd har hatt problemer med å stille liste til soknerådsvala, har også medverka til denne diskusjonen i vårt sokn. I 2027 er det tid for nytt val. **Kan eit tettare samarbeid mellom Vikedal og Imsland sokn være vegen å gå?** (Soknerådet i Sandeid har gitt uttrykk for at dei ikkje ønsker å være med på ei samanslåing av sokneråda, men samarbeide om enkelte ting som før)

Ei samanslåing krev at soknet er informert og har fått høve til å uttale seg til saka.

Me sender difor ut dette brevet, og inviterer soknet sine medlemmer til møte om saka **torsdag 26.11 kl 19:00 på Bedehuset ved Imslandsjøen**. Har du ikkje anledning til å møta den kvelden, kan du sende innspel til leiar Marita Staurland.

Det finst to ulike modellar for samanslåing. Ein kan anten slå saman sokna, eller ein kan behalde sokna og slå saman sokneråda. Både Imsland og Vikedal sokneråd ynskjer sistnemd modell. Denne modellen er også valgt av Skjold, Vats og Vikebygd sokneråd, medan Ølen og Bjoa valgte å slå saman sokna og sokneråda. Nylig er Tysvær og Vindafjord fellesråd slått i saman.

Begge sokneråda må gjere vedtak for at ei samanslåing skal kunne gjennomførast.

- **Kva er fordelane med ei samanslåing?** Vil ei samanslåing gi ei positiv utvikling for desse to bygdene ut over at det trengs færre folk frå kvar bygd for å fylle rollene i soknerådet? Behovet for at folk stiller opp på dugnad vil nok fortsatt være det same?
-
- **Kva vil skje med bedehuset ved Imslandssjøen?** I dag blir Imsland bedehus ivaretatt av Imsland sokneråd. Tilsvarande løysning finn ein også for bedehuset i Vikedal. Vil ei samanslåing av sokneråda i desse 2 bygdene ha ei positiv eller negativ innverknad på bedehusa våre? Aktiviteten på begge bedehusa er svært liten, spesielt i Imsland der ein nesten ikkje har aktivitet ut over den årlige basaren. I Vikedal er dei ikkje så veldig mykje betre stilt om ein ser bort frå ungdomsklubben som held til i

- kjellarlokala. Det er verdt å nemna at ungdomsklubben har i årtider vært svært populær også for ungdommar frå Imsland. Imsland sokneråd har sett stor verdi i dette arbeidet og har opp gjennom tid bidratt med gåver til ungdomsklubben.
  I hendhold til Den Norske Kyrkje er Soknerådet sin fremste oppgåve å ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjerast for å vekke og nære det kristelige liv i soknet for barn, ungdom, vaksne og eldre. I ei tid der oppslutninga om desse verdiane er fallande kan det da sjåast på som positivt om Vikedal og Imsland samlar resursane sine og arbeidet enda tettare i framtida?
-
- **Sal av Bedehuset ved Imsland sjøen?**
- Er diskusjonen om samanslåing av Imsland og Vikedal sokneråd tida for at Imsland skal vurdere å legge ned / selje Imsland bedehus ved Imslandsjøen?
- Skal ein få ein god effekt av ei samanslåing bør me kanskje vurdere dette alternativet? Bedehuset vårt vil ha behov for stort vedlikehald framover. Vil det vara meir meiningsfylt og bruka desse pengane, tida og kreftene på eit nærare fellesskap med Vikedal om ein likevel skal slå saman sokneråda?
-
- **Kva med pengane til bedehuset om ein går for ei samanslåing?** Fondsmidlane som er testamentert til Imsland kyrkje og Imsland bedehus følgjer bygga. Ved et sal av bedehuset bør me sjå på moglegheita for endring av tilknytinga til bygget på desse fonda. Korleis vil soknemøtet tilrå soknerådet å forvalte soknet sine driftsmidlar før ei samanslåing?

- **Medfører ei samanslåing endringar på talet på gudstenestar i Imsland?** Talet på gudstenestar blir bestemt av biskopen ut frå besøkstalet i sokna. Soknerådet håpar at ei samanslåing vil bidra til å senke terskelen for å gå i kyrkja i nabobygda og på den måten gi fleire frammøtte begge stader.

Innspel til saka gis til leiar av Imsland Soknerådd, Marita Staurland, innan 22.11.

E-post: globetrotta_marto@yahoo.es
Telefon: 904 71 616

Med helsing

Imsland Soknerådd

